


«Undercoverstudentane» på ILS

TEKST: MICHAEL FJØRTOFT HOFFMANN FOTO: SHANE COLVIN



Det er kveld og sjølv om temperaturane tydleg varslar at hausten er på veg, så er det varmt inne på Helga Eng. Varmt er det ikkje minst i kantina for der er det ei gjeng som trener på rockesving, framleis med koronaavstand. Litt kjølegare er det i etasjen over. Der er det fleire studentar som har det første seminaret på campus så langt i studieløpet Dei fleste er godt vaksne. Alle har dei ein mastergrad med seg. Fleire har til og med både 60 og 120 ECTS i pedagogikk i bagasjen sin. Berre at Udir for fleire av dei var lite nådige med godkjenninga. Studentane veit allereie nå at dei har klart minst 1/3 det av studiet sitt utan ein einaste gong å møte opp på Blindern.

«Praktisk-pedagogisk utdanning på deltid» heiter studiet deira og det er skjeldan du kjem til å møte dei om ikkje du finner dei kl. 21 når dei febrilsk prøver å kome seg ut av bygget. Mange av dei har nemleg ikkje studentkort. Administrasjonen der dei kunne har fått den stenger lenge før dei kjem, mens dei framleis er på jobb for å brødfø familiane sine.

Den «typiske studenten på PPU-deltid» har ein full jobb ved sidan av, nokre som vikar i skulen, andre som ingeniør, i administrasjonen, som tolk og overrettar, prest, samfunnsvitar, eller, eller, eller. Til felles har dei at dei ynskjer å jobbe i skule eller vaksenopplæring i framtida, at dei ofte jobbar 60 timars veker for å få dette til og at dei er «undercoverstudentar». For administrasjonen og SiO er dei vanlege studentar, men dei lever eit heilt anna liv enn dei «synlege studentane». Dei har som regel ikkje tid til å oppleve ei «rennansse», ein gjenfødelse av det sosiale livet på campus. For mange av dei er det mange år sidan dei sist var ein del av det.

Eg er ein disse studentane og for meg, som for fleire av medstudentane mine, har nedstenginga i koronatida også vært ei velsigning. Det er krevjande å følgje med på både seminar og forelesningar gjennom Zoom. Men Zoom har ein stor fordel: Den sparer både oss og miljøet for reiser. Ofte er det rett frå jobb og gjennom køen inn til Oslo og Blindern for å rekke seminaret som startar kl. 17 og når ein av dei venlege rockeswingdansarane har sloppe meg ut etter seminaret ein gong etter kl. 21, då er det framleis fleire mil og nesten to timar før eg er heime. Kl. 6 neste morgon må eg opp att og gjere meg klare til å møte klassen min på skulen. Men når eg står der om morgonen er det kanskje framleis foten min som vipper i rockeswingtaket frå kvelden før. Den husker tida før eg var ferdig med min første master og unner den yngre generasjonen av studentane det eg ikkje har tid til.

Tid er eit viktig gode og det er nok derfor fleire av oss saknar nokre sider med koronatiltaka. Som pedagogar forstår vi godt at lærarane gjerne vil møte oss ansikt til ansikt, men eg er glad kvar gong eg kan delta på noko digitalt frå heimekontoret mitt. Å få lov til å unngå fleire timer i bil har ein verdi i seg sjølv. PPU-deltid er eit flott studie og fleire av oss håper at ILS kan ta vare på mykje av den kompetansen dei tileigna seg under Covid-19 slik at studiet i framtida blir tilgjengeleg som eit nesten heildigitalt studie og gjennom dette også for dei som bur litt lengre ut på landet og opp i dalane. Og det er ikkje berre rundt dei større byene det trengs gode og kvalifiserte lærarar.

